



Til heimen

Dato: 14.12.2011

Arkiv:
Vår ref (saksnr.):
Journalpostid.:
Dykkar ref.:

Siste skuledag før jul.

Siste skuledag vert tysdag 20. desember. Elevane møter på skulen til vanleg tid og me sluttar klokka 11.15. Bussen går ca 11.25.
Skulen startar opp tysdag 3. januar kl. 08.30

Leksehjelp måndag 18. desember.

Leksehjelp måndag 18. desember går ut. Dei elevane som er på SFO, går rett frå skulen til SFO. Dei elevane som ikkje går på SFO, går rett heim. Skulle dette verta vanskeleg, ber me dykk ta kontakt med skulen, så finn me ei ordning.
Leksehjelpa startar opp måndag 9. januar. Den går altså ut tysdag 3. og onsdag 4. januar.

Nasjonale prøvar

5. trinn og elevane som nå går i 8. trinn på ungdomsskulen gjennomførte i haust nasjonale prøvar. Vi er godt nøgde med resultatane på 5. trinn, både i norsk lesing og matematikk. Frøyland skule ligg over landsgjennomsnitt og det kommunale snittet på begge prøvane. Det same gjeld for elevane som går på 8. trinn på ungdomsskulen. Trinnet ligg over landsnittet på alle tre prøvane. FLOTT.
Prøva i engelsk på 5. trinn, blei dette året underkjend på grunn av sentrale dataproblem under gjennomføringa. Foreldra på 5. trinn vil få informasjon om korleis deira barn har gjort det på dei nasjonale prøvane.

Grunnskuleveka – Hei verda

Me vil takka elevar, tilsette og ikkje minst de som foreldre for flott innsats i "Grunnskuleveka". Skulen overførte heile 48.300 kroner til "Hei verda". Me veit at pengane kjem godt med i arbeidet med å utvikla lokalsamfunn i Laos.

Nytt lånesystem ved biblioteket

Bibliotekarane ved skulen vår har denne hausten arbeidd iherdig for å få på plass eit nytt lånesystem i biblioteket. Dette har gjort at moglegheiten for å låna bøker har vore avgrensa. Me er glade for at lånesystemet nå er på plass og elevane har gode moglegheiter for å låna bøker. Kvar elev skal få kvar sitt lånekort. Dette lånekortet kan og nyttast ved det nye biblioteket på Bryne.

Skulefrukt

Ei påminning: Dei som vil ha skulefrukt våren 2012 må hugsa å fornya abonnementet sitt. Det ligg ein link på heimesida der ein kan melda seg på abonnement for våren. Linken er: <http://www.skolefrukt.no/>. Det same gjeld om du har tinga skulemjølk for fyrste halvår. Gå inn på <http://www.skolemilk.no>

Butikken.

Me ser at mange elevar er innoverande i butikken før og etter skuletid. Her er det mange elevar som bruker mykje pengar. Dette har auka betrakteleg etter at den nye butikken har opna. Skulen meiner dette er unødvendig. Det skaper eit unødige kjøpe og pengepress. Me ber om at de i heimen tek dette opp med ungane dykkar. Lag avtale om korleis de vil ha det i heimen dykkar.

Skule og SFO startar altså opp igjen tysdag 3. januar.

Ønskjer alle ei god og fredfull julefeiring.

Beste helsing

Trond Egil Sunde
rektor

Kopi til: